

## Leiar

# Midt-Telemark kan bli bra

Det er denne veka det skjer. Representantar frå dei tre midt-telemarkkommunane Bø, Sauherad og Nome har vore benka på nøytral grunn i Vrådal for å finne ut om dei kan klare å slå seg saman til ein kommune. Ein skal prøve å kome til einigheit om ei intensjonsavtale om samanslåing som deretter skal opp i dei tre kommunestyra. Så skal innbyggjarane bli høyrte i folkeavstemmingar før ein seier endelig ja eller nei til ei avtale.

I media har det vore mykje snakk om Bø og Nome den siste tida, med litt kniving og fleire innspel om kva som bør vere sentrum i ein ny kommune, samt kven som skal få kva om ein slår seg saman. Sauherad har ein ikkje høyrte så mykje til, sjølv om meiningane og tettstad-identiteten er meir enn sterk nok blant innbyggjarane der også.

For alle dei tre kommunane er det tydeleg at det er vanskeleg å gjere frå seg noko viss ein skal slå seg saman, slik vil det alltid vere. Ein hegnar om det ein har eit positivt forhold til. Likevel er det viktig å tenkje at sjølv om ein slår seg saman til ein ny felles kommune som kanskje vil fungere betre både økonomisk og administrativt, vil ein fortsatt ha tettstader med sine kvaliteter og særpreg. Derfor må ein i forhandlingane vere både pragmatisk, raus og villig til å dele med seg og tenkje kva som er dei mest formålstenelege løysingane for alle innbyggjarane i ein eventuell ny kommune.


**“Likevel er det viktig å tenkje at sjølv om ein slår seg saman til ein ny felles kommune som kanskje vil fungere betre både økonomisk og administrativt, vil ein fortsatt ha tettstader med sine kvaliteter og særpreg.”**

Å skape ein identitet for Midt-Telemark blir truleg ikkje så veldig vanskeleg tross alt - om innbyggjarane vil. Regionen er alt godt etablert og dei tre kommunane samarbeider godt innanfor mange område. Dessutan har ein så mykje flott på by på i dette området som alle kan vere stolte av. Slår ein det beste saman og går inn for å gjere det bra, utan å vidareføre krangling og misnøye, kan Midt-Telemark bli ein god kommune å bu i. Ein må ta med seg det beste frå alle tre kommunane, lene seg framover og satse på at det SKAL bli bra. For saman er Bø, Nome og Sauherad sterke.

*Hilde Eika Nesje*

Ansvarleg redaktør  
Hilde Eika Nesje

# Under falsk na



**Forliksprotokollen.** Protokollen inneheld kortfatta informasjon om konflikten mellom bondesonen og tenestejenta.

**Det handlar om ære, nattfriing, utskjelling og bruk av falskt namn, ei tenestejente og ein odelsgut. Til slutt vart det rettsak. Meir finn du i boka Telemark historie.**

**Marta Kjøllesdal**

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

– Det mest ukjende stoffet er kanskje saka til Ingrid Brustad. Ho har teke for seg ei rettsak som så vidt er nemnt i Bø-soga om ein nattefriar som gjekk under falsk namn, seier Olav Rovde.

Han er ein av dei som har sete i redaksjonen for årets utgåve av Telemark historie, tidsskrift for Telemark historielag.

– Historia viser kor viktig ære var i 1815. Det som står i Bø-soga er ufullstendig, seier Rovde.

Saka var mellom tenestejenta Gunnild Brynnildsdatter som tente på Nordskog, Niels Sørensen Aase og sonen Søren Nielsen. Den er nemnd med nokre få setningar i Bø-soga. Brustad går

tilbake i rettsprotokollane for å sjå kva som faktisk har skjedd og ser på kva det kan bety.

### Krafthistorie

Ingvar Skobba har med ein lengre artikkel: ”Då elektrisiteten kom til Midt-Telemark”. Det er første del av ei bok om elektrisiteten si historie i Midt-Telemark. Det er 100-årsjubileum for elektrisiteten i Midt-Telemark neste år. Produksjonen av straum i Eidsfossen starta i 1916, men Skobba fortel også om utbygging andre plassar i vassdraget.

I år skulle temaet for årboka til historielaget vere verdsarven og industriens kulturminne, men mange av dei som skulle skrive i boka levte ikkje, fortel Rovde og Nils Ivar Agøy, som også sit i redaksjonen. Dei fortel at det har vore litt nervøsit, men det har kome inn stoff.

– Eg meiner det er god kvalitet på stoffet, seier Agøy.

### Soldat i første verdskrig

Rovde trekkjer også fram historia om Knut Werswick. Han emigrerte frå Eidanger til Cana-



da og vart utskreven som soldat i første verdskrig.

– Han hamna i skyttargravskrig i Frankrike og vart prega av råskapen og kynismen i denne krigen, skriv Rovde i innleiinga. Seinare arbeidde Werswick for fredssaka.

Agøy og Rovde er også glade for å ha fått med ei fagleg omtale av trebindsverket ”Telemark historie” som vart gitt ut i fjor.

 **Bøblad**

30. årgang. Skipa 1986.

Godkjent opplag i 2014: 2622  
Medlem i Landslaget for lokalaviser (LLA)

### Adresse:

Postboks 104, 3833 Bø i Telemark  
Besøksadresse: Bøgata 69  
Tlf. 35 95 19 45  
Faks: 35 95 40 28

Opningstider: Kl 9-15.

www.boblad.no  
pdf versjon: buyandread.com



**Redaktør/dagleg leiar:**  
Hilde Eika Nesje  
947 89 450  
redaksjon@boblad.no



**Journalist:**  
Øystein Akselberg  
906 38 453  
oystein@boblad.no



**Journalist:**  
Marta Kjøllesdal  
976 88 692  
marta@boblad.no



**Journalist:**  
Gro B. Røiland  
930 22 398  
gro@boblad.no



**Salsansvarleg:**  
Rune Digranes Bøen  
950 85 949  
marked@boblad.no



**Grafikar/annonse:**  
Dag Einar Hvitsand  
911 52 320  
grafisk@boblad.no



**Avismedarbeidar:**  
Synnøve Sudbø Kleppe  
35 95 19 45  
annonse@boblad.no

### Frilansarar:

Glenn Isaksen  
Jon Bjones  
Eline Nesje

**Avfotografering eller gjenbruk** av stoff, bilete og annonsar utan avtale er ikkje tillatt. Innsendt stoff blir til vanleg ikkje honorert med mindre anna er avtalt. Bø blad forbehold seg retten til å publisere innsendt stoff også i vår nettutgåve.

### Abonnementsprisar:

Halvår kr 550,- heilår kr 890,-  
Studentab. kr 550,-  
Tillegg utlandet.  
Bestill på sms: 406 24 528  
eller epost: abonnement@boblad.no

### Annonsefrist:

Måndag kl. 14  
**Større annonsar:**  
Fredag kl. 10.00 veka før innrykk.  
Utgjeve av Bø blad AS  
Org nr.: 842 831 032

Bankgiro: 2630 05 04360  
Trykk: Nr1 Trykk AS, Larvik

**PFU**

Bø blad arbeider etter «Vær Varsom-plakaten» sine regler for god presseskikk. Om nokon kjenner seg råka av urettvis presseomtale, oppmodar me om at ein først tek kontakt med redaktøren. Ein kan også ta kontakt med Pressens Faglige Utval, (PFU), som er eit klageorgan oppnemnd av Norsk Presse-forbund. PFU handsamar klager mot pressa i presseetiske spørsmål. Adresse: Rådhusgata 17, Postboks 46 - Sentrum, 0101 Oslo. E-post: pfu@presse.no Tlf: 22 40 50 40 - Faks: 22 40 50 55